



STORTINGET

Innst. 462 S

(2025–2026)

Innstilling til Stortinget fra
Stortingets presidentskap

Dokument 8:129 S (2025–2026)

Innstilling fra Stortingets presidentskap om Representantforslag fra stortingsrepresentantene Arild Hermstad og Julie E. Stuestøl om endrede kriterier for valg av medlemmer til Den Norske Nobelkomité

Til Stortinget

Bakgrunn

I dokumentet fremmes følgende forslag:

- «1. Stortinget ber presidentskapet utarbeide forslag til endrede kriterier for valg av medlemmer til Den Norske Nobelkomité, der faglig kompetanse innen fredsarbeid, nedrustning og internasjonal konfliktløsning tillegges avgjørende vekt.
2. Stortinget ber presidentskapet foreslå en prosess for valg av medlemmer til Den Norske Nobelkomité som sikrer at valget skjer på grunnlag av et åpent, faglig vurdert grunnlag, og ikke som følge av partipolitiske hensyn.»

Det vises til dokumentet for nærmere redegjørelse for forslagene.

Presidentskapets merknader

Presidentskapets flertall, stortingspresident Masud Gharahkhani, første visepresident Morten Stordalen, andre visepresident Lise Selnes og fjerde visepresident Alf

Erik Andersen, viser til at Stortinget over tid har foretatt flere endringer i valgbarhetskriteriene for medlemmer av Nobelkomiteen. Endringene har i hovedsak hatt som formål å styrke Nobelkomiteens uavhengighet fra norske myndigheter.

Basert på den gjennomgangen som ble gjort av partiene på Stortinget i 2018, finner flertallet ikke grunnlag for å foreslå endringer i valgbarhetskriteriene eller prosessen for valg av medlemmer til Den Norske Nobelkomité nå. Flertallet ser imidlertid behov for en ny, helhetlig gjennomgang av de valg Stortinget gjør. Eventuelle endringer i valgbarhetskriteriene for medlemmer av Nobelkomiteen bør ses i lys av en slik bredere gjennomgang.

Presidentskapet vil komme tilbake til hvordan en slik gjennomgang kan innrettes, og hvilke temaer som skal inngå i gjennomgangen.

Femte visepresident Ingrid Fiskaa viser til at kriterier for valg av medlemmer til Nobelkomiteen over tid har blitt avgrensa for å skapa avstand mellom komiteen og norsk utanrikspolitikk. I 1937 vedtok Stortinget at regjeringsmedlemmer ikkje kan vera medlem av Nobelkomiteen. I 2017 formaliserte Stortinget ein langvarig praksis om at heller ikkje sittande stortingsrepresentantar kan veljast som medlemmer, og i 2018 vedtok Stortinget at dette også skal gjelda for personar med leiande stillingar i embetsverket.

Femte visepresident registrerer at debatten om Nobelkomiteens påstått uavhengige posisjon likevel er høgst levande, og meiner det er sakleg gode grunnar til det. Å hevda at komiteen er uavhengig er problematisk så lenge medlemmene av komiteen i hovudsak er utnemnde på grunnlag av partipolitisk til-

knytning og komiteen skal reflektera styrkeforholdet mellom partia på Stortinget.

Femte visepresident meiner det er viktig at Nobelkomiteen står fritt til å velja prisvinnarar utan å måtta skjegla til eventuelle negative konsekvensar for Noreg eller tenka strategisk på kva som måtte vera best for norsk utanrikspolitikk. Dagens utnemningskriterium og -prosess legg dårleg til rette for det. Så lenge komitémedlemene er utnemnde på kriterium som premierer erfaring frå og tilknytning til dei politiske partia framfor andre typar erfaring og kompetanse, vil det vera vanskeleg å unngå at utanrikspolitiske omsyn inngår i vurderinga av potensielle prisvinnarar. Det vil også kunna reisast tvil om den reelle uavhengigheita og handlefridomen til komitémedlemmer i det offentlege ordskiftet. I ei tid med høgare konfliktnivå i internasjonal politikk er desse problemstillingane endå meir aktuelle.

Femte visepresident meiner derfor det er på tide å ta eit nytt steg i prosessen med å skapa avstand mellom Nobelkomiteen og norsk utanrikspolitikk. Det bør utformast kriterium som legg mindre vekt på partipolitisk tilknytning og meir vekt på kvalifikasjonar som er relevante for Nobelkomiteen sitt mandat. Politisk erfaring kan vera ei relevant erfaring i denne samanhengen og bør ikkje vera diskvalifiserande, men det bør ikkje vera den primære kvalifikasjonen. Når det gjeld kompetanse som er relevant for Nobelkomiteen sitt mandat, bør denne kunna definerast breiare enn formelle faglege kvalifikasjonar.

Femte visepresident fremjar følgjande forslag:

«Stortinget ber presidentskapet utarbeida forslag til endra kriterium for val av medlemmer til Den Norske Nobelkomité, der kompetanse innan fredsarbeid, nedrusting og internasjonal konfliktløysing blir lagd avgjerande vekt på.»

«Stortinget ber presidentskapet føreslå ein prosess for val av medlemmer til Den Norske Nobelkomité som sikrar at valet skjer på grunnlag av eit opent, fagleg vurdert grunnlag, og ikkje som følgje av partipolitiske omsyn.»

dert grunnlag, og ikkje som følgje av partipolitiske omsyn.»

Forslag fra mindretall

Forslag fra femte visepresident Ingrid Fiskaa:

Forslag 1

Stortinget ber presidentskapet utarbeida forslag til endra kriterium for val av medlemmer til Den Norske Nobelkomité, der kompetanse innan fredsarbeid, nedrusting og internasjonal konfliktløysing blir lagd avgjerande vekt på.

Forslag 2

Stortinget ber presidentskapet føreslå ein prosess for val av medlemmer til Den Norske Nobelkomité som sikrar at valet skjer på grunnlag av eit opent, fagleg vurdert grunnlag, og ikkje som følgje av partipolitiske omsyn.

Presidentskapets tilråding

Tilrådingen fremmes av presidentskapets medlemmer, med unntak av tredje visepresident Ove Trellevik, som har permisjon i perioden frå 1. til 12. juni 2026, og femte visepresident Ingrid Fiskaa, som fremmer mindretallsforslag.

Presidentskapet har for øvrig ingen merknader, viser til dokumentet og rår Stortinget til å gjøre følgende

v e d t a k :

Dokument 8:129 S (2025–2026) – Representantforslag fra stortingsrepresentantene Arild Hermstad og Julie E. Stuestøl om endrede kriterier for valg av medlemmer til Den Norske Nobelkomité – vedtas ikke.

Oslo, i presidentskapet, den 11. juni 2026

Masud Gharahkhani

Morten Stordalen

Lise Selnes

Alf Erik Andersen

Ingrid Fiskaa